

Busslommer ved Ljosnes snart?

21.02.2009



Tidlegaare denne månaden var vegvesenet og kommunen på synfaring på Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Vi ser på det kommunale utspelet som positivt, og vil gje Dykk attendemelding så snart det let seg gjere.
Det lovar Statens vegvesen kommunen etter synfaringa som vart halde tidlegare denne månaden på Ljosnes, der det er behov for busslommer.**

Vegvesenet sitt budsjett er ikkje klarlagt enno og dei vil koma attende til dette. Kommunen ynskjer eit samarbeid med vegvesenet slik at dette tiltaket kan realiserast og det blir busslomme både på oppsida og nedsida av vegen.

Området har i dag stopp-plass for byss i begge køyreretningar. Bussar må likevel stå i vegbana fordi det ikkje er opparbeidde busslommer. Kommunen syter i dag for ekstra transport av skuleborn og har ein kostnad på 50.000-60.000 kroner i året til dette.

For budsjettåret 2008 hadde kommunen avsett 150.000 til tiltaket ved Ljosnes.

Under synfaringa var grunneigar Svein Bøyum sjølv tilstade og gjorde greie for dei krav han ville stilla for å avstå grunn til busslomme. Statens vegvesen rår no kommunen til å gå i dialog med Bøyum slik at grunnspørsmålet vert løyst.

Bøyum ynskjer ein mur på nedsida av riksvegen. Dette vil auka kostnadane monelag sidan det ikkje er tilgang på murstein i kommunen og steinen vil såleis måtte transporterast over lange avstandar, skriv Statens vegvesen til kommunen.

Av Ola Matti Mathisen